

Styreleiar Helse Møre og Romsdal HF

Kopi: Adm. dir. Astrid Eidsvik

Volda, 25.02.14

Arbeidet med "Utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal" som tek føre seg det totale sjukehusstilbodet til innbyggjarane i Møre og Romsdal, skal etter planen vere avslutta i juni, med etterfølgjande høyring.

Vi saknar ei avklaring av ein heilt grunnleggjande føresetnad: Storleiken på opptaksområdet for Volda sjukehus og eventuelle endringar i føretaksgrensa vil vere heilt sentrale premissar.

Eit vedtak om framtidig sjukehusstruktur vil få store konsekvensar på kort, mellomlang og lang sikt, og kan difor ikkje vere basert på føresetnader frå i går. Likeeins bør eventuelle endringar i høve til funksjons- og oppgåvefordeling vere forankra i langsiktede strategiar.

Etter opninga av Kvivsvegen har befolkninga i fleire av Volda sine sørlege nabokommunar fått betydeleg kortare reisetid til Volda sjukehus samanlikna med reisetid til tilsvarande tilbod i Førde. Det har over tid vore ei jamn auke i talet av pasientar frå Nordfjord som nyttar Volda sjukehus som sitt primærsjukehus, både når det gjeld elektiv utgreiing og etterkvart også akuttbehandling. Mykje tydar på ei ytterlegare auke i åra som kjem, og ikkje minst etter endeleg opning av Hjartåberg tunnelen.

Føretaksgrensa mellom Helse Vest RHF og Helse Midt-Norge RHF er i dag ei kunstig hindring for det som elles kunne ha vore naturlege pasientstraumar. Dersom opptaksområdet vert sett i samanheng med reell pasientflyt per i dag og ikkje minst om pasienten får lov å reise til det næraste sjukehuset ved akutthjelp, har opninga av Kvivsvegen i røyndomen ført med seg en auke i Volda sjukehus sitt naturlege opptaksområde på nærare 22.000 pasientar, fleire enn dette dersom også Gloppen kommune og indre delar av Stranda kommune vert medrekna.

Vi har forståing for at føretaksleiinga i Helse Møre og Romsdal i utgangspunktet må respektere dagens vedtatte føretaksgrenser, men det hadde vore meningslaust å bruke milliardar på ny kommunikasjon dersom dette ikkje gir betring i ulike tilbod til befolkninga, inkludert kortare reiseveg til sjukehus der dette er relevant. Endring av føretaksgrenser ser såleis ut til å vere eit naturleg utslag av endringar i kommunikasjon, og det er difor naudsynt med ei politisk avgjerd av spørsmålet kring eventuelle framtidige justeringar av opptaksområda.

Vi ber om at styreleiar for Helse Møre og Romsdal HF i samråd med Helse Midt-Norge RHF tek initiativ til ei politisk avgjerd i eit føretaksmøte.

Odd Frode Aasen
HTV for overlegane, Volda sjukehus

Bernd Müller (s)
FTV for overlegane, HMR